

MELAND KOMMUNE
Havnevegen 41A
5918 FREKHAUG

Dato: 12.12.2019
Vår ref.: 2019/19617-2
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Att. Larissa Dahl

Varsel om kulturhistorisk synfaring – Eikeland – gnr. 42, bnr. 65 - søknad - dispensasjon - Meland kommune

Viser til brev datert 25.11.2019 med søknad om dispensasjon i ovanfor nemnde sak. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt mynde innan kulturminnevern.

Ut frå våre arkiv er det ikkje kjente automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor det aktuelle arealet, men delar av område har topografiske trekk som gjer at det kan vere potensialet for nye funn frå steinalder.

Det er difor naudsynt med ei synfaring før vi kan gje fråsegn til tiltaket. Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er påkravd med ei arkeologisk registrering, jf. kulturminnelova §§ 3 og 11. Synfaringa vil bli gjort så raskt som råd.

Hordaland fylkeskommune ber om at kommunen ikkje fattar vedtak i saka, før vi har gjeve endeleg kulturminnefagleg fråsegn.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølsted
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.